

Til  
Hordaland fylkeskommune  
Kommunane

Bergen, 29. oktober 2015

### **Medlem til representantskapet og styret til Stiftinga Kystsogevekene**

Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kystkommunar i Hordaland og Gulen, og Hordaland Fylkeskommune. Bak dei ulike tiltaka står ei stor gruppe lokale arrangørar, eldsjeler, lag og organisasjonar som er stolte av eigenart og tradisjonar. Hordaland fylkeskommune er Stiftinga Kystsogevekene sin viktigaste økonomiske støttespelar.

Kystsogevekene er sett saman av dagar der folk møtes og deler gode opplevingar - båtturar, aktivitetar, konsertar, føredrag, kulturvandringar og marknader. Fem veker, 22 kommunar, nær 200 ulike arrangement!

Stiftinga Kystsogevekene organiserer Kystsogevekene. Stiftinga er ei ikkje næringsdrivande stifting, med føremål å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av årlege kystsogeveker i Hordaland og Gulen. Kystsogevekene finn stad i august og september kvart år.

### **Medlem til representantskap**

Stiftinga Kystsogevekene har eit representantskapet som sett saman av eit medlem frå kvar av dei 22 kommunane som står bak stiftinga, som er med i mønstringa Kystsogevekene, og av Hordaland fylkeskommune. Medlemmane er valde inn for ein fireårsperiode som følgjer i etterkant av kommune- og fylkesvalet.

I stiftinga Kystsogevekene sine vedtekter står det:

#### **§ 4. Representantskap**

*Stiftinga skal ha eit representantskap, samansett ved at kvar av dei følgjande oppnemner ein medlem kvar:*

*Hordaland fylkeskommune*

*Kommunane frå regionane: Nordhordland og Gulen – Bergen og omland – Sunnhordland:*

*Gulen, Masfjorden, Austrheim, Fedje, Lindås, Radøy, Meland, Osterøy, Øygarden, Fjell, Sund, Askøy, Bergen, Os, Fusa, Austevoll, Tysnes, Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio og Kvinnherad.*

*Representantskapet sine medlemmer vert oppnemnde for 4 år.*

*Representantskapet skal ha ein leiar og ein nestleiar som vert valde av og blant representantskapet sine medlemmer ved byrjinga av fireårsperioden.*

*Medlemmer av representantskapet kan ikkje veljast til styret.*

*Representantskapet sin leiar møter i styret med tale og forslagsrett, men ikkje røysterett.*

#### **§ 5. Representantskapet sin oppgåver**

*Representantskapet skal:*

- velje stiftinga sitt styre og revisor*
- gje uttale til stiftinga si årsmelding og årsrekneskap.*
- fastsetje eventuelt honorar for styret.*
- gje uttale til styret i saker som gjeld drift av stiftinga.*
- føre tilsyn med at stiftinga vert driven i samsvar med lov, vedtekter og vedtak fatta av representantskapet.*
- gjere vedtektsendringar etter forslag frå styret, jfr § 8.*

**Stiftinga Kystsogevekene, Pb 7900, 5020 BERGEN**

**Tlf 55 23 91 73 [kystsogevekene@hfk.no](mailto:kystsogevekene@hfk.no)**

**[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)**

## **§ 6. Representantskapet sine møter**

*Representantskapet held møte minst ein gong i året, og elles når leiaren eller minst 2/5 av medlemmene krev det. Leiaren kallar inn til møta med minst 21 dagars varsel. Innkallinga skal vere skriftleg, og sakene som skal handsamast skal nemnast i møteinnkallinga.*

*Leiaren leier møta. Dersom leiaren ikkje kan møta, leier nestleiaren møtet.*

*Dersom ingen av dei kan møta, vert møteleiar valt ved byrjinga av møtet.*

*Representantskapet er vedtaksført når meir enn 50 % (halvparten) av dei oppnemnde medlemmene er til stades. Ein oppnemnt medlem som ikkje kan møte, har høve til å gje fullmakt. Underskriven fullmakt skal leggast fram på møtet for godkjenning av Representantskapet. For gyldig vedtak må fleirtalet av dei frammøtte ha stemt for framlegget. Ved eventuell stemmelikskap har møteleiaren dobbeltstemme.*

*Vert representantskapsmøtet ikkje vedtaksført pga manglande frammøte, skal leiaren kalla inn til nytt møte med minst 7 dagars varsel og med same dagsorden som for det første ordinære møtet.*

*Representantskapsmøtet innkalla i samsvar med dette avsnittet er vedtaksført når minst 2/5 av representantskapsmedlemmene er til stades. Det er høve til å møte med fullmakt etter same retningslinjer som ovanfor.*

*Det skal førast protokoll over vedtaka. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og ein medlem oppnemnd på møtet.*

Stiftinga sitt styre og dagleg leiar kan møte på representantskapsmøtet med tale- og forslagsrett.

### Medlemmar i representantskapet til Stiftinga Kystsogevekene i perioden 2012-2016:

Leiar: Olav Steinar Namtvedt

Hordaland fylkeskommune: Tom Christer Nilsen, varamedlem Mona H. Hellesnes

Kommunar:

Askøy: Solfrid Hess

Austevoll: Renate Møgster Klepsvik, vara Øystein Fammestad

Austrheim: Per Lerøy

Bergen: Gunnar Bakke, vara William Hazell

Bømlo: Anne Johannessen, vara Ståle Vorland

Fedje: Kristin Handeland

Fitjar: Wenche Tislevoll, vara Agnar Aarskog

Fjell: Odd Bjarne Skogestad, vara Tore Turøy

Fusa: Hans Vindenes

Gulen: Anne Mette D. Andreassen, vara Odd Harald Eide

Kvinnherad: Synnøve Solbakken, vara Kristian Olav Bringedal

Lindås: May Eva Sandvik

Masfjorden: Karstein Totland, vara Marit Steinestø

Meland: Nils Marton Aadland, vara Lars Barstad

Os: Terje Søviknes

Osterøy: Kari Foseid Aakre

Radøy: Jon Askeland, vara Ann Christin Hoen

Stord: Johannes Landmark, vara Jens Litlabø

Sund: Kari-Anne Landro, vara Kjell Arve Vorland

Sveio: Astri Hovda

Tysnes: Varaordfører Bjørn Lande

Øygarden: Anne Grethe Solbakk

**Stiftinga Kystsogevekene bed kommunane om å oppnemna sitt medlem, og varamedlem til representantskapet for perioden 2016-2020**

**Stiftinga Kystsogevekene, Pb 7900, 5020 BERGEN**

**Tlf 55 23 91 73 [kystsogevekene@hfk.no](mailto:kystsogevekene@hfk.no)**

**[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)**

### **Styrekandidatar til Stiftinga Kystsogevekene**

Stiftinga Kystsogevekene sitt øvste organ er eit styre. Styret er valt av representantskapet som sett saman av eit medlem frå kvar av dei 22 kommunane som er med i mønstringa Kystsogevekene, og av fylkeskommunen. Medlemmane er valde inn for ein fireårsperiode som følgjer i etterkant av kommunevalet.

Som tidlegare praksis har vore, ønskjer vi regionråda si hjelp for å finne styrekandidatar. Stiftinga Kystsogevekene skal ha årsmøte i Representantskapet på nyåret, og vi vil be om at Regionråda kjem med framlegg om to kandidatar til styret, ein av kvart kjønn, som kan representere sin region.

**Vi ønskjer å informere kommunane slik at dei er merksame på regionrådet si oppgåve, og at kommunane ser til at egne interesser er tatt vare på gjennom regionråda.**

I Stiftinga Kystsogevekene sine vedtekter står det at:

#### **§ 7. Styret**

*Styret er stiftinga sitt høgste organ. Stiftinga skal ha eit styre på 5 medlemmer, samt to varamedlemmer, valde av representantskapet for fire år. Valet skjer ved fleirtalsval. Ved stemmelikskap vert valet avgjort ved loddtrekning.*

*Styret skal leie drifta av stiftinga, tilsetje dagleg leiar og arbeide ut arbeidsinstruks for stillinga. Styret har ansvar for at drifta skjer i samsvar med lov, vedtekter og vedtak gjort av representantskapet. Styret vel sjølv leiar.*

Styret i Stiftinga Kystsogevekene er i dag sett saman slik:

Styremedlemer:

Ove Bernt Trellevik, leiar	Bergensalliansen
Anne Beth Njærheim	Hordaland Fylkeskommune
Astrid Aarhus Byrknes	Region Nordhordland og Gulen
Olav Martin Vik	Region Vest
Ruth Grethe Ø. Eriksen	Region Sunnhordland
Kjetil Hestad	Vararepresentant
Hallvard Oppedal	Vararepresentant

Ser fram til å få tilbakemelding om kommunen sin medlem til representantskapet, gjerne med adresse og e-post slik at innkalling til representantskapet på vårparten kan sendas i post og sakspapir kan sendas elektronisk.

Vennleg helsing

Lena Eikeland Kutschera  
Dagleg leiar

Vedlagt følgjer Vedtektene for Stiftinga Kystsogevekene

Stiftinga Kystsogevekene, Pb 7900, 5020 BERGEN

Tlf 55 23 91 73 [kystsogevekene@hfk.no](mailto:kystsogevekene@hfk.no)

[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)